

Snøggbåtstopp i Uskedalen?

14.10.2009



Børneskaia har allsidig bruk i dag. Her er tømmerlasting igang, bak fiskebåten til Legland. (Foto:Ola Matti Mathisen)

Børnes-kaia, som kommunen og skogeigarane eig halvparten av kvar, kan bli stoppeplass for Rosendalsruta til Rødne & Sønner.

Kvinnheringen.minnar om at snøggbåten Rygerfonn sist sommar ved fleire høve gjekk gjennom Storsund i staden for strake vegen over fjorden. Det skjedde for å gje turistane ei ekstra oppleving. Tidsbruken er omlag den same.

Bengt Hermansen på båten opplyste dette tidlegare i haust. Han la til at det også kan vera aktuelt å gå gjennom Storsund i därleg ver framfor å stampa i motsjø på langs av fjorden mellom Rosendal og Lukksund. Lesarar som har kontakta Kvinnheringen seier at ein stopp på Børnes gjev mange reisande eit mykje betre tilbod.

Anne Aukland i Rødne & Sønner opplyser at dei får mange spørsmål om dette og forstår folk godt. Men det er fylkeskommunen som avgjer kor dei skal stoppa.

Ruteplanleggjar Svein Ystanes i Skyss har ikkje hørt om dette før og kjenner ikkje dei lokale tilhøva godt nok. Men han lovar å sjå nærare på saka og drøfta ho med Rødne og kommunen.

Dei må også sjå på korleis ein stopp på Børnes korresponderar med bussar og flyavgangar. Dette er også eit kostnadsspørsmål.

konsesjonen går ut 31. desember 2011, men det let seg gjerna å endra ruteopplegget midt i konsesjonsperioden.

Ordførar Synnøve Solbakken synest dette er ein glimrande tanke og seier at alle forslag om auka snøggbåt-tilbod blir helsa velkomen. Og kommunen vil vera villig til å diskutera kostnaden dersom det vert ein ekstra stopp. Ho ynskjer Ystanes og Skyss hjarteleg velkommen til å ta kontakt og erklærer at døra står vidopen i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen



No ligg den neste supplybåten som Eidsvik skal utstyra ved Børneskaia. (Foto: Ola Matti Mathisen)